

***Heilt aleine* av Karen Kylløs**

Opplegget til *Heilt aleine* er utvikla for å gi elevane ein aktiv og utforskande inngang til bokutdraget der Karen Kylløs fortel om korleis ho som femtenåring gjennomførte ein ekspedisjon til Sørpolen. Gjennom førlesingsoppgåver blir elevane ført inn i temaet gjennom påstandsleikar, samtalar og kartlegging av egne erfaringar rundt det å vere aleine. I arbeidet får elevane tileigne seg fagkunnskap gjennom enkle og engasjerande aktivitetar knytt til polane, ekspedisjonsliv og forventningar til teksten. Når elevane så møter sjølv utdraget, blir dei rettleidde i å leggje merke til skilnader mellom rammetekst og dagboknotat, både i språk og føremål.

Etter lesinga arbeider elevane vidare med innhaldet gjennom tre kreative aktivitetar: Dei skriv og framfører ein dialog frå eit vêrfast ekspedisjonstelt, dei skriv eit personleg og oppmuntrande brev til ein som er på Sørpolen, og dei lagar korte filmsnuttar om to norske polfararar med tekst, lyd og bilete. Desse aktivitetane let elevane utforske temaet vidare gjennom både munnleg, skriftleg og multimodalt arbeid.

Før vi les

Oppgåve 1

Vi skal lese eit utdrag frå ei bok som heiter *Heilt aleine*.

Før vi les, skal du og sidemannen ta stilling til påstandane under:

- Å vere aleine er alltid trist.
- Å vere aleine er aldri sjølvvalt.
- Å vere aleine er skummelt.
- Å vere aleine kan vere heilt topp.
- Ein burde vere meir aleine.

Oppgåve 2

Ta stilling – slik går de fram

Ha eit A4-ark framføre kvar av dykk. Teikn ei enkel linje på arket. For kvar påstand skal du plassere fingeren på linja.

Heilt til venstre = heilt einig

Midt på linja = verken/eller

Heilt til høgre = heilt ueinig

Forklar for kvarandre kvifor de plasserer fingeren der de gjer.

Kor skil meininga dykkar frå kvarandre?

Kvifor?

Oppgåve 3

Heilt aleine – to og to saman

Skriv ei liste med fem punkt over situasjonar der det ikkje er kjekt å vere aleine.
Skriv ei liste med fem punkt over situasjonar der det er fint å vere aleine.

- Kva trur de bokutdraget vi skal lese handlar om?
- Kom med forslag til korleis de trur bokframsida ser ut.

Oppgåve 4

Bokframsida – samtale (sjå presentasjonen for bilete av bokframsida)

- Stemte forslaga dykkar overeins med slik bokframsida ser ut?
- Kva var det som var annleis?
- Basert på bokframsida - korleis trur de Karen opplever å vere aleine?
- Kvar i verda trur de Karen har vore aleine?

Oppgåve 5

Har de kontroll på polane?

De skal no få presentert seks påstandar. Rekk handa rett opp for å svare at påstanden er korrekt. Rekk handa ut til sida for å markere at han er feil.

1. Sørpolen er det same som Arktis.
2. Sørpolen er det same som Antarktis.
3. Arktis er nordpolen.
4. Arktis er sørpolen.
5. Det finst ingen pingvinar i Arktis.
6. Isbjørnar finst berre i Antarktis.

Fasiten finn de i presentasjonen.

Medan vi les

Oppgåve 6

I bokutdraget vi skal lese, fortel Karen om då ho gjekk over Grønland som 15-åring. Bokutdraget består av ei rammetekst og eit dagboknotat.

Medan vi les dei to ulike tekstane, skal du prøve å leggje merke til korleis dei to tekstane skil seg frå kvarandre gjennom:

- *Forteljemåte*: er han refererande, forteljande, skildrande, personleg?

- *Språktone*: er språket nøkternt, sakleg, informativt, kjenslefyldt, detaljert, personleg?

- *Føremålet med teksten*

Etter vi har lese

Oppgåve 7

Ta utgangspunkt i bileta på lysbilete nummer 11 og snakk om kva dei viser til i rammeteksten.

Oppgåve 8

Å formidle leseerfaringa si

- a) På ein skala frå 1-10, kor godt likte du tekstutdraget vi nettopp har lese?
Grunngje svaret ditt.
- b) Kva i historia til Karen gjorde størst inntrykk på deg og kvifor?
- c) Var det noko som overraska deg?
- d) Kva del av bokutdraget synest du var mest interessant og kvifor?
- e) Kva del av bokutdraget likte du minst og kvifor?

Oppgåve 9

Samarbeidsoppgåve

Medan vi las dei to ulike tekstane, skulle du prøve å leggje merke til korleis dei to tekstane skilde seg frå kvarandre. Ta utgangspunkt i forteljemåten, språktonen og føremålet med teksten, samarbeid med sidemannen og skriv eit felles svar. Hugs å grunngje synspunkta dykkar med utgangspunkt i teksten.

Døme på korleis ein kan starte svarsetningar

- Når det gjeld rammeteksten, opplever vi at forteljemåten er ... fordi ...
- I dagboknotatet synest vi at språktonen er ... For eksempel skriv forfattaren ...
- Vi trur at føremålet med teksten er ... og ... dette kjem av ...

Oppgåve 10

Samarbeidsoppgåve, del dykk i grupper på fire. Tenk dykk at de er på veg mot Sørpolen, men sit vêrfast i ein ekspedisjonsleir. Vinden slår hardt mot teltduken, og ingen veit kva som ventar vidare. Skriv og framfør ein dialog der de formidlar ulike sinnstemningar og tankar om situasjonen de er i.

Framgangsmåte

1. Fordel rollene under mellom dykk

a) *Ekspedisjonsleiaren som er altfor optimistisk og som prøver å glatte over faren.*

b) Den unge og uerfarne som ikkje får med seg kva som skjer.

c) Den erfarne ekspedisjonsfararen som er ordknapp, men svært bekymra.

d) Den spenningssøkande og risikoglade 23-årige ekspedisjonsdeltakaren, som håpar at vêret blir enda røffare.

2. Skriv dialogen mellom ekspedisjonsdeltakarane, og få tydeleg fram dei ulike rollene. Prøv å bygge inn både humoristiske og alvorlege moment i dialogen.

- Øv på å framføre dialogen så realistisk som mogleg.
- Kle dykk ut som ekspedisjonsdeltakarar, finn ein bakgrunnsvideo med vind som uler og framfør dialogane for klassa.

Oppgåve 11

Skriveoppgåve

I teksten får vi vite at Karen fekk brev frå foreldra sine og bror sin. Tenk deg at ein som står deg nær er på ein ekspedisjon til Sørpolen. Du skal no skrive eit brev på minst tre avsnitt, der du får fram:

- *kvifor du saknar personen*
- *kjem med oppmuntrande ord*
- *fortel litt om din eigen kvardag*
- *avsluttar med eit sitat eller dikt som kan oppmuntre*

Oppgåve 12

Lag ein film om norske polfararar

Vel deg ut to norske polfararar, ein historisk og ein moderne. Lag ein eitt-minutt lang filmsnutt om kvar av dei, der det kjem fram:

- kva slags ekspedisjon dei har gjennomført
- kvifor dei vart historiske

Filmen må bestå av både tekst, lyd og bilete. Målgruppa for filmen er andre ungdomar som skal lære om norsk polhistorie.